



GLADE, MEN SLITNE: Det var ein sliten gjeng i kajakkane etter at dei hadde padla til saman ti kilometer på Vangsvatnet.

For tre år sidan opplevde systrene **Frida** (13) og **Hanne** (17) **Jarland Gunnarskog** at mor deira fekk kreft. Tida etter sjokkmeldinga har vore tung, men på Voss fekk dei tenkja på heilt andre ting.

- Her får me dei tunge tankane på avstand

- Då me fekk vita at mamma hadde fått svulst på hjernen, vart me veldig overraska. Me hadde aldri trudd at det skulle skje oss, seier Frida og Hanne alvorleg. Det har vore tre tøffe år for dei to unge jentene frå Arna.

- Me prøver å kopla ut tankane om mamma sin alvorlege sjukdom når me er saman med vener og så prøver me alle å vera positive, det hjelper på, seier Hanne. - Eg har snakka med jentene på telefonen og det høyrdes ut som dei hadde det kjekt, seier ei blid mor, Anita Jarand Gunnarskog.

Dei to jentene er langt frå åleine om å ha det slik. Dei fleste av oss tenkjer kanskje mest på akkurat den som får ein kreftdiagnose i ei slik stund. Men kva med borna og ungdommen som indirekte vert råka dersom ei mor, ein far eller sysken får kreft? Korleis har dei det? Dei vert ofte gløymde. Dette har Kreftforeininga valt å gjera noko med.

STORKOSAR SEG I SKOGEN. - Uææ, den brenn, seier Frida og prøver å blåsa bort flammene som alt har fått godt tak i marshmallows hennar. Men den står ikkje til å berga. Den vert heilt svartsvidd og smeltar mest.

Rundt bålet på husmannsplassen «Rosten» langt inne i skogane i Brandsetdalen sit 17 ungdommar i alderen 13 til 19 år. Mange smiler og ler og syner med heile kroppen at dei kosar seg der dei prøver å få i seg litt av det klissete og smelta skumgodteriet som dei grillar på bålet. Andre sit saman to og to og pratar. Nokre vel å sitja litt for seg sjølve. Dei yngste er så vidt tenåringar, dei eldste snart ferdig med tenåra. Uansett alder og interesse, har dei alle ein ting til felles. Dei har opplevd at ein av sine næraste har fått alvorleg kreftdiagnose eller har gått bort på grunn av kreft.

MANGE NYE VENER. Sidan tysdag har ungdommane vore på Voss og delteke på mange ulike og spennande arrangement i regi av vossaverksemda Ekstrem Utvikling og Kreftforeininga.

- Målet med arrangementet er å få ungdommen til å oppleva positive ting, som kan få bort dei tunge tankane deira, seier Svein Erik Burud i Ekstrem Utvikling på Voss.

Kreftforeininga lyste etter tiltak for ungdom i alderen 13 til 19 år som hadde opplevd at nære familiemedlemmar har gått bort eller

som har fått alvorlege kreftdiagnosar. Dermed valde EkstremUtvikling på Voss å senda inn eit forslag til aktivitetar som Kreftforeininga kunne tilby ungdommen.

- Forslaget me sende inn var meint for vinteraktivitetar, men me la til i skrivevårt at me kunne gjera om på aktivitetane slik at dei kunne gjennomførast også på sommar og hausten, fortel ein engasjert Burud.

SPENNANDE AKTIVITETAR. Frida og Hanne er kjempenøgde med arrangementa dei har fått vore med på denne veka.

- Me har fått treft andre ungdommar som er i same situasjonen som oss, og som me har fått snakka litt saman med, fortel Frida og Hanne. Men i dag er det slutt. No har dei 17 ungdommane vore på Voss sidan tysdag. For det meste har dei budd i leiren på Bømoen, men har også fått oppleva å overnatta i lavvo.

No kan dei skryta på seg å ha delteke på fleire aktivitetar som orientering i bekmørkre inne i Bømoen, dei har padla ti kilometer i Vangsvatnet med påfølgjande grilling og vore på skogstur til husmannsplassen «Rosten» i Brandsetdalen, der dei har fått flott server-

FAKTA | «MAKELAUSE OPPLEVINGAR»

- Samlar ungdomar i alderen 13 til 19 år, i regi av Kreftforeininga.
- Dei som er med har nær familie som har kreft eller som har gått bort på grunn av kreft.
- Får oppleva alle dei fire elementa luft, jord, vatn og eld i aktivitetane.
- Alle aktivitetane ungdommen deltek på vert dekkja av Kreftforeininga.
- EkstremUtvikling på Voss gjennomfører arrangementet, og har ulike aktørar i ryggen som tilbyr dei ulike tenestene.

ring. Det mest spennande var å få rappellera ned Tvindefossen, rafta i Vosso og ikkje minst prøva høgdeløypa i Åsbrekkegelet.

- Me har lyst å koma attende hit, for dette har vore veldig kjekt og me har fått mange nye vener her, seier Frida og Hanne Jarland Gunnarskog.